

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Karina Vestrheim	Arkiv:	PLANID-2022008687 PLANNAVN-Planinitiativ - Vågnesvegen - Salevegen PLANTYPE-31 K2-L12 GBNR-94/443
Arkivsaksnr:	24/2369 24/2369-9		

Gnr. 94 bnr. 443 m.fl. Detaljreguleringsplan Reguleringsendring - ArealplanID 2024002369

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan- og miljøutvalet	02.06.2026	052/26

Kommunedirektøren si innstilling:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert forslag til detaljregulering for del av gnr. 94 bnr. 443 m.fl. ved Vågnesvegen, datert 15.05.2026, lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i 6 veker.

Det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve til nye bueiningar innanfor BF3 før det er dokumentert tilstrekkeleg kapasitet ved offentleg avløpsanlegg. Eventuelt skal nytt reinseanlegg vere ferdigstilt og teke i bruk før igangsettingsløyve kan gjevast. jf. rekkefølgekrav 8.1.

Sula kommunestyre / plan- og miljøutvalet vedtek at reguleringsendringsforsalget vert sent ut på offentleg ettersyn og høyring i 6 veker.

02.06.2026 Plan- og miljøutvalet

Saka vart drøfta og spørsmål vart svara ut.

Fellesforslag utarbeidd i møte:

Som kommunedirektøren si innstilling med endringar i punkt 4.1 til følgande:

Planbestemmelser pkt 4.1 Bustader - frittliggende småhus BF.

Innafor områda BF kan det førast oppfrittliggende småhus. Dette skal vere einebustadar. Det kan ikkje byggast tomannsbustader.

Det kan etablerast maks 3 nye bueiningar innafor BF3.

Grad av utnytting skal ikkje overstige BYA=35% for BF3, og for områdene BF2 og BF4 skal grad av utnytting ikkje overstige BYA=30%. Områda BF1, BF5 og BF6 skal ha ei maks utnyttingsgrad på BYA=20% .

For heile planområdet gjeld følgande: Bygningar med saltak skal ha ei gesimshøgde på maks 6.5 m og ei mønehøgde på maks 9.0 m.

Maks gesimshøgde for bygningar med ark/takoppløft/pulttak er 8.0 m. Gesimshøgde for bygningar med flatt tak skal vere 7,0 m.

Garasjar skal ha ei gesimshøgde på maks 3.0 m, og ei mønehøgde på maks 4.5 m.

Det skal avsettast minst 2 parkeringsplassar pr bueining.

Grøfteareal frå køyreveggar kan leggst på føremål for bustad.

Før reguleringsplanen blir lagt ut på høyring, skal 1) krav om maks utnyttingsgrad leggst inn i plankartet i alle dei 6 BF-områda. Og 2) planbestemmelsane sitt pkt 4.1 skal justerast ihht avsnittet ovanfor.

- PM052/26 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 vert forslag til detaljregulering for del av gnr. 94 bnr. 443 m.fl. ved Vågnesvegen, datert 15.05.2026, lagt ut til offentleg ettersyn og sendt på høyring i 6 veker.

Det kan ikkje gjevast igangsettingsløyve til nye bueiningar innanfor BF3 før det er dokumentert tilstrekkeleg kapasitet ved offentleg avløpsanlegg. Eventuelt skal nytt reinseanlegg vere ferdigstilt og teke i bruk før igangsettingsløyve kan gjevast. jf. rekkefølgekrav 8.1.

Planbestemmelser pkt 4.1 Bustader - frittliggende småhus BF blir endra til:

Innafor områda BF kan det førast oppfrittliggende småhus. Dette skal vere einebustadar. Det kan ikkje byggast tomannsbustader.

Det kan etablerast maks 3 nye bueiningar innafor BF3.

Grad av utnytting skal ikkje overstige BYA=35% for BF3, og for områdene BF2 og BF4 skal grad av utnytting ikkje overstige BYA=30%. Områda BF1, BF5 og BF6 skal ha ei maks utnyttingsgrad på BYA=20% .

For heile planområdet gjeld følgande: Bygningar med saltak skal ha ei gesimshøgde på maks 6.5 m og ei mønehøgde på maks 9.0 m.

Maks gesimshøgde for bygningar med ark/takoppløft/pulttak er 8.0 m. Gesimshøgde for bygningar med flatt tak skal vere 7,0 m.

Garasjar skal ha ei gesimshøgde på maks 3.0 m, og ei mønehøgde på maks 4.5 m.

Det skal avsettast minst 2 parkeringsplassar pr bueining.

Grøfteareal frå køyreveggar kan leggst på føremål for bustad.

Før reguleringsplanen blir lagt ut på høyring, skal 1) krav om maks utnyttingsgrad leggst inn i plankartet i alle dei 6 BF-områda. Og 2) planbestemmelsane sitt pkt 4.1 skal justerast ihht avsnittet ovanfor.

Sula kommunestyre / plan- og miljøutvalet vedtek at reguleringsendringsforsalget vert sent ut på offentleg ettersyn og høyring i 6 veker.

Kortversjon av saka:

Planforslaget gjelder detaljregulering for del av gnr. 94 bnr. 443 m.fl. ved Vågnesvegen i Sula kommune. Formålet med planen er å legge til rette for mindre fortetting av eksisterende bustadområde gjennom etablering av 3 nye bustader med tilhørende leik, uteareal og infrastruktur.

Planen omfatter justering av eksisterende vegtrase slik at denne samsvarar med dagens situasjon, samt omlegging av grøntstruktur og leikeareal. Eksisterende leikeplass videreføres og utvides til iet mer sammenhengende og funksjonelt område.

Hensikta med planarbeidet er å legge til rette for en hensiktsmessig utnyttelse av eit eksisterende bustadområde gjennom fortetting, samtidig som viktige hensyn til liek, uteoppholdsareal, trafikksikkerheit og omgivelser vert ivarett.

Vurdering etter plan- og bygningslova § 12-11 og § 12-14

Privat forslag til reguleringsendring er fremja i samsvar med plan- og bygningslova § 12-11.

Planendringa omfattar justering av grøntområde innanfor planområdet. Grøntarealet vert flytta, medan samla areal regulert til grøntstruktur vert oppretthalde som i gjeldande reguleringsplan.

Administrasjonen vurderer at endringa ikkje går utover hovudrammene i gjeldande reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 12-14. Føremålet med planen vert vidareført, og endringa medfører ikkje vesentlege negative konsekvensar for omgjevnadene, landskap, uteopphald eller miljøinteresser. Det er vidare lagt vekt på at funksjonen til grøntstrukturen vert ivareteken innanfor planområdet.

Sjølv om endringa vert vurdert å vere innanfor rammene av § 12-14, meiner administrasjonen at saka bør sendast på offentleg høyring og leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10. Dette for å sikre medverknad og gi råka partar og offentlege styresmakter høve til å uttale seg til planendringa.

Administrasjonen meiner på denne bakgrunnen at planforslaget kan leggjast ut til offentleg ettersyn og sendast på høyring i seks veker.



Planområdet er markert med blå tekst.

Saksopplysninger:

Planområdet har ein størrelse på ca. 8 dekar. Avgrensing er satt ved kombinasjon av eksisterende reguleringsformål, eiendomsgrenser og regulert senterlinje i Vågnesvegen. Planområdet inkluderer i hovedsak gbnr. 94/ 443 og 94/523, men også 94/401, 94/79 er tatt med da de påvirkes av planendringen ift. adkomst til utbyggingsområdet og endret formål fra forretning til bolig (lik dagens bruk). Ut over dette er deler av gbnr. 94/10, 94/67 94/114, 94/264 og 99/104 medtatt, da de i forskjellig grad påvirkes av den plantekniske opprydningen innenfor planområdet. Tilhørende vegareal til Vågnesvegen er tatt med for å kunne regulere ny tilkomstveg til boligområdet, samt fjerne dagens regulerte vegtrasè og sikre at denne reguleres i tråd med faktisk situasjon og i tråd med gjeldende kommuneplan.

Nærområdet er for det meste ferdig utbygd, med noen få ledige tomter. Området består av frittliggende småhusbebyggelse, både eneboliger, tomannsboliger og flermannsboliger. Byggeskikk innenfor området er det innslag av både moderne boliger oppført i nyere tid og eldre tradisjonell tre- og murbebyggelse.

Det er gjennomført arkeologisk rapport for planområdet 10.02.25. Undersøkelsen resulterte ikke i funn av automatisk registrerte kulturminner.

I planarbeidet har man foretatt søk i relevante databaser for å avdekke om det finnes registrerte naturverdier innenfor planområdet, men det er ikke avdekket at det finnes registreringer. Vurdering i forhold til naturmangfoldsloven er utført under kap. 8.

Deler av planområdet har vært i bruk til rekreasjon for allmennheten. Reguleringsendringen legger opp til en omdisponering av eksisterende grøntarealer. Dette resulterer i en større sammenhengende lekeplass sør i planområdet. Planforslaget legger opp til å videreføre og utvide lekearealet slik at det blir mer sammenhengende og funksjonelt, i tråd med innspill fra berørte parter.

Vurdering av naturmangfald

Planområdet ligg innanfor eit etablert bustadområde og omfattar i hovudsak allereie utbygde eller opparbeidde areal. Tiltaket gjeld mindre fortetting i eit innklemma område med avgrensa naturpreg.

Det er ikkje registrert viktige naturtypar, trua artar eller andre særlege naturverdiar innanfor planområdet, jf. tilgjengelege databasar og kunnskapsgrunnlag. Kommunedirektøren vurderer kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfaldlova § 8 som tilstrekkeleg for å kunne ta stilling til saka.

Etter ei samla vurdering vert det lagt til grunn at tiltaket ikkje vil ha vesentleg negativ påverknad på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 8–12. Førre-var-prinsippet i § 9 er vurdert å ha avgrensa relevans då tiltaket gjeld eit allereie utbygd område med lite naturpreg.

Planforslaget vurderast difor ikkje å kome i konflikt med omsynet til naturmangfald.

Leikeareal og barn og unge:

Lekeplassen ligg i direkte tilknytning til planområdet og er lett tilgjengeleg for bebuarane. Planforslaget legg opp til vidareføring av leikeareala, med utviding austover. Det vert vurdert at planforslaget tek vare på gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom tilgang til nærleik, lek og uteopphaldsareal av tilfredsstillande kvalitet.

Planforslaget har som føremål å endre og justere arealføremåla innanfor delar av gjeldande reguleringsplan for Langevåg Nord 2. Planområdet ligg nord for Vågnesvegen, mellom den vestlege delen av Vågnesvegen og Salevegen.

Hovudføremålet med planarbeidet er å leggje til rette for etablering av tre nye bustader. Samstundes vert det gjennomført ei planteknisk opprydding for å sikre at den vestlege delen av Vågnesvegen vert regulert i samsvar med arealdelen i kommuneplanen.

Planforslaget legg vidare opp til å utvide eksisterande leikeplass austover. Dette erstattar delar av grøntarealet som er sett av i gjeldande reguleringsplan. Leikearealet vert vidareført med same storleik som i gjeldande plan, om lag 1 dekar, men får ei betre arrondering og meir funksjonell utforming tilpassa dagens situasjon.

I tillegg vert det lagt til rette for eit nytt offentleg friområde (o_FRI) mellom o_KV2 og BF2.

Planforslaget vidarefører eksisterande hovudbruk i området, men legg opp til ei meir føremålstenleg disponering av areala. Areal til bustad, grønt- og leikeområde samt veg vert samla og justerte slik at dei i større grad samsvarer med eksisterande situasjon og ønskt vidare utvikling av området.

Fortetting innanfor eksisterande bustadområde er i tråd med overordna mål om berekraftig arealutvikling og god arealutnytting. Ved å nytte allereie utbygde og opparbeidde område til ny bustadutvikling, kan ein redusere behovet for å ta i bruk nye ubebygde areal.

Ei slik utvikling bidreg til å ta vare på naturmangfald, grøntstruktur og landbruks- og naturområde utanfor etablerte bustadområde. Samstundes gir fortetting betre utnytting av eksisterande infrastruktur som veg, vatn, avløp og tekniske anlegg.

Kommunedirektøren vurderer at planforslaget representerer ei naturleg og avgrensa fortetting innanfor eksisterande bustadmiljø, og at dette er i samsvar med nasjonale og kommunale mål om arealeffektiv og berekraftig utvikling.

Avfallsløysinga skal vere utforma slik at renovasjonskøyretøy kan hente avfall utan uheldige ryggemanøverar eller konflikt med leikeareal og mjuke trafikantar.

I planforslaget er det sett av eige areal til renovasjonsanlegg, f_RA, der avfallsdunkar skal plasserast på tømmedag. Dette bidreg til ei trygg og funksjonell renovasjonsløysing for området.

Innkomne merknader

Statsforvaltaren si merknad er i hovudsak standard og sakleg ut frå omsyna til barn og unge og universell utforming. Ho peikar ikkje på motsegn, men på forhold som må løysast og dokumenterast i planarbeide

Vurdering: Statsforvaltaren sine merknader vurderast som relevante og handterbare innanfor planarbeidet. Omsynet til trafikktryggleik for barn bør sikrast gjennom krav om gjerde mot tilgrensande vegareal. Vidare må det dokumenterast at leikeplassen får universelt utforma tilkomst for mellom anna barnevogn og rullestol. Merknadene vurderast ikkje å vere til hinder for planarbeidet, men må følgjast opp gjennom plankart og føresegner.

Møre og Romsdal fylkeskommune sine merknader er meir prinsipielle enn Statsforvaltaren sine, særleg knytt til arealbruk og kulturminne. Merknadene signaliserer ikkje direkte motsegn, men dei peikar på krav som må vere avklart før endeleg planvedtak.

Vurdering: Møre og Romsdal fylkeskommune peikar på at eventuell omdisponering av areal som er eigna eller nytta til leik må erstattast med fullverdige areal. I det vidare planarbeidet må det dokumenterast at omsynet til leik og uteopphald vert ivareteke. Vidare vert det stilt krav om arkeologisk registrering etter kulturminnelova § 9 før endeleg planforslag kan behandlast. Merknadene vurderast som ordinære krav i planprosessen og ikkje til hinder for vidare planarbeid, men kan medføre behov for justeringar dersom registreringane avdekkjer automatisk freda kulturminne.

NVE si generelle uttale er i hovudsak ei standard tilbakemelding ved oppstart av reguleringsarbeid. Dersom dei ikkje peikar på konkrete konflikter eller kjende fareområde innan planområdet, betyr det vanlegvis at kommunen sjølv må dokumentere at relevante naturfaretema er vurderte tilstrekkeleg i planarbeidet.

NVE har ansvar for mellom anna flaum, skred, overvasshandtering, vassdrag og trygg byggegrunn. Generelle innspel inneber normalt at desse tema må vurderast i samsvar med byggtknisk forskrift (TEK17) og NVE sine retningslinjer. For eit bustadprosjekt må det særleg vurderast om området kan vere utsett for skred, overvatn eller ustabile grunnforhold. Dersom eksisterande kunnskapsgrunnlag viser låg risiko og området allereie er delvis utbygd, vil merknaden ofte kunne handterast gjennom ROS-analyse utan større konsekvensar for planen.

Vurdering: NVE har kome med generelle innspel til planarbeidet knytt til naturfare og samfunnstryggleik. Det må i det vidare planarbeidet vurderast om planområdet kan vere utsett for mellom anna skred, overvatn eller andre relevante naturfarar. Eventuelle utfordringar må dokumenterast og handterast gjennom ROS-analyse og planføresegner. Merknaden vert vurdert som ei ordinær oppfølging av nasjonale krav til trygg arealplanlegging og ikkje til hinder for vidare planarbeid.

Salen og omegn velforening er meir omfattande enn dei offentlege fagmerknadene. Ho utfordrar både framstillinga i planinitiativet og konsekvensane av planendinga for eksisterande leike- og grøntområde.

Velforeninga dokumenterer at Kråna leikeplass har lang historisk bruk og stor verdi som nærleikeplass og sosial møteplass i området. Merknaden gir tydeleg uttrykk for at området har funksjon utover sjølve opparbeidde leikeapparat, særleg knytt til naturpreg, fri leik og allmenn tilgjenge. Merknaden viser til nasjonale og regionale føringar om vern av areal nytta til leik og uteopphald. Dersom delar av grøntområdet vert foreslått omdisponert til bustadføremål, må kommunen vurdere om dette inneber reduksjon av funksjonelt leikeareal og om det eventuelt må etablerast fullverdig erstatningsareal. Merknaden synleggjer også sterk lokal interesse og engasjement knytt til området. Dette er eit moment som bør vurderast i den samla interesseavveginga. Velforening peikar på at Kråna leikeplass over lang tid har fungert som eit viktig og allment tilgjengeleg leike- og rekreasjonsområde i Langevåg. Merknaden understrekar særleg verdien av naturpreg, grøntstruktur og uformell leik i

tilknytning til eksisterande leikeplass. Det vert vidare hevda at planen ikkje inneber ei reell sikring eller utviding av leikeplassen, då området allereie er sikra gjennom kommunalt eigarskap og etablert bruk. Velforeininga meiner også at delar av grøntområdet gbnr. 94/523 må vurderast som ein funksjonell del av leikearealet, mellom anna på bakgrunn av tidlegare bruk som fotballbane. I det vidare planarbeidet må det vurderast om planforslaget medfører reduksjon av eksisterande leike- og friområde, og om nasjonale føringar om erstatningsareal kjem til bruk. Merknaden synleggjer eit sterkt lokalt engasjement og vil vere eit viktig moment i den vidare vurderinga av planen.

Vurdering: Det vert lagt til grunn i planarbeidet at eksisterande offentleg leikeplass skal vidareførast og ivaretakast. Planforslaget har ikkje som mål å redusere funksjonen eller tilgjenge til leikeområdet, men å sikre arealet og tilpasse reguleringsgrensene til eksisterande situasjon.

Samstundes omfattar planinitiativet eit avgrensa bustadprosjekt med etablering av tre einebustader. Det må i det vidare planarbeidet dokumenterast at omsynet til leikeplass, grøntstruktur, trafikktryggleik og allmenn bruk vert tilfredsstillande ivareteke. Kommunen vil vurdere desse omsyna nærare ved behandling av endeleg planforslag.

Salen og omegn velforening uttrykker sterk motstand mot foreslått detaljregulering og meiner eksisterande grøntområde benevnt som GS ikkje må reduserast. Velforeininga ønskjer i staden at området vert vidareutvikla for frileik og ballaktivitet.

Kommunen tek merknaden og det lokale engasjementet knytt til området til orientering. Det vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet at eksisterande offentleg leikeplass skal vidareførast og framleis vere tilgjengeleg for allmenn bruk. Samstundes gjeld planinitiativet eit avgrensa bustadtiltak med etablering av tre einebustader.

I den vidare behandlinga av planforslaget må det vurderast nærare korleis omsynet til leik, grøntstruktur, uteopphald og nærmiljø kan ivaretakast på ein tilfredsstillande måte. Kommunen vil ta endeleg stilling til arealbruk og eventuelle konsekvensar for grøntområdet ved behandling av komplett planforslag.

Salen og omegn velforening uttrykker sterk motstand mot foreslått detaljregulering og meiner eksisterande grøntområde benevnt som GS ikkje må reduserast. Velforeininga ønskjer i staden at området vert vidareutvikla for frileik og ballaktivitet.

Kommunen tek merknaden og det lokale engasjementet knytt til området til orientering. Det vert lagt til grunn at eksisterande offentleg leikeplass skal vidareførast og framleis vere tilgjengeleg for allmenn bruk. Planforslaget omfattar eit avgrensa bustadtiltak med etablering av tre einebustader.

Samla Vurdering

Kommunedirektøren vurderer at planforslaget legg til rette for ei avgrensa og naturleg fortetting innanfor eksisterande bustadområde. Planen tek omsyn til eksisterande struktur og legg opp til tilfredsstillande uteopphaldsareal og leikefunksjonar.

Vidare vert eksisterande vegsituasjon formalisert gjennom justering av vegtrasé, noko som gir betre samsvar mellom plan og faktisk situasjon. Ved 1. gongs behandling skal kommunen ta stilling til om planforslaget er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne leggest ut til offentleg ettersyn. Endeleg vurdering av arealbruk og eventuelle konsekvensar for grøntområde og leikeareal vil først skje etter høyringsperioden og vidare politisk behandling av planen.

Kommunedirektøren vurderer at planforslaget er tilstrekkeleg utgreidd og eigna for offentleg ettersyn og høyring i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10.

Økonomiske konsekvensar for Sula kommune, ref budsjett og økonomiplan

Juridiske konsekvensar

Endeleg vurdering av arealbruk og eventuelle konsekvensar for grøntområde og leikeareal vil først skje etter høyringsperioden og vidare politisk behandling av planen.

Konsekvensar for innbyggjarane

Det vert lagt til grunn i det vidare planarbeidet at eksisterande offentleg leikeplass skal vidareførast og framleis vere tilgjengeleg for allmenn bruk.

Vurderingar og konklusjon:

Planforslaget legg opp til ei avgrensa og moderat fortetting innanfor eit allereie etablert bustadområde. Utbygginga omfattar berre tre nye einestader, og kommunedirektøren vurderer at tiltaket er tilpassa eksisterande struktur, skala og karakter i området.

Eit sentralt moment i vurderinga har vore å ta vare på kvalitetane som allereie finst i bustadmiljøet. Planforslaget vidarefører og styrkjer eksisterande leike- og grøntområde, samstundes som vegsystem og arealføremål vert justerte slik at dei i større grad samsvarer med dagens faktiske situasjon og ønskt utvikling av området.

Planen bidreg dermed til ei meir ryddig og føremålstenleg arealdisponering enn gjeldande regulering, både når det gjeld bustadareal, grøntstruktur, leikeområde og vegløyningar.

Vidare vurderer kommunedirektøren at fortetting innanfor eksisterande byggjesone er i tråd med nasjonale og kommunale mål om berekraftig arealforvaltning. Ved å nytte allereie utbygde område og eksisterande teknisk infrastruktur, reduserer ein behovet for å ta i bruk nye ubebygde areal og naturprega område til bustadføremål.

Samla sett vurderer kommunedirektøren at planforslaget representerer ei naturleg vidareutvikling av eksisterande bustadområde, med avgrensa konsekvensar for omgjevnadene og positive verknader knytte til arealutnytting og stadutvikl

Hensikta med planarbeidet er å leggje til rette for ei hensiktsmessig utnytting av eit eksisterande bustadområde gjennom mindre fortetting, samstundes som viktige omsyn til leik, uteopphaldsareal, trafikksikkerheit og omgjevnader vert ivaretekne.

Kommunedirektøren vurderer at planforslaget balanserer omsynet til fortetting med kvalitetar i eksisterande bumiljø på ein tilfredsstillande måte. Planen sikrar vidareføring og forbetring av leike- og grøntområde, samtidig som vegløysingane vert tilpassa dagens situasjon.

Kommunedirektøren vurderer at planforslaget er tilstrekkeleg opplyst og utgreidd til å kunne leggjast ut til offentleg ettersyn og høyring, jf. plan- og bygningslova § 12-10. Det er gjennomført naudsynt planfagleg vurdering av mellom anna arealbruk, trafikkforhold, leike- og uteopphaldsareal, grøntstruktur, teknisk infrastruktur og forholdet til eksisterande bustadmiljø.

Innkome merknader i samband med oppstart av planarbeidet er vurderte og søkt ivaretekne i planforslaget. Kommunedirektøren vurderer at saka har eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til at naboar, offentlege styresmakter og andre interesserte kan ta stilling til planforslaget i høyringsperioden.

Offentleg ettersyn og høyring vil vidare gi grunnlag for å avklare eventuelle behov for justeringar før endeleg politisk handsaming av planen.

Tittel	Dok.ID
3-24073-VÅGNESVEGEN-PLANBESTEMMELSER	1569209
2-24073-VÅGNESVEGEN-PLANKART	1569208
1-24073-VÅGNESVEGEN-PLANBESKRIVELSE	1569204
4-24073-VÅGNESVEGEN-ILLUSTRASJONSPLAN	1569210
5-24073-VÅGNESVEGEN-ARKEOLOGISK RAPPORT	1569211
6-24073-VÅGNESVEGEN-SJEKKLISTE ROS	1569212
Merknader til oppstart reguleringsendring for del av Vågnesvegen	1569345
Planendring for Planinitiativ - Vågnesvegen - Salevegen	1569213
Forslag til plangrense, reguleringsplan	1569214
Forslag til plangrense, kommuneplan	1569215
Forslag til plangrense, grunnkart	1569216
metadata_Planinitiativ	1569217

Tittel	Dok.ID
Gnr 94 bnr 443 m fl - Referat frå oppstartsmøte. Endring av reguleringsplan etter pbl § 12-14.	1569218